



Høgskulen på Vestlandet

Bacheloroppgave

BSO321-H-2021-VÅR-FLOWassign

Predefinert informasjon

Startdato:	30-04-2021 09:00	Termin:	2021 VÅR
Sluttdato:	14-05-2021 14:00	Vurderingsform:	Norsk 6-trinns skala (A-F)
Eksamensform:	Bacheloroppgave		
SIS-kode:	203 BSO321 1 H 2021 VÅR		
Intern sensor:	(Anonymisert)		

Deltaker

Kandidatnr.: 327

Informasjon fra deltaker

Antall ord *: 7892

Egenerklæring *: Ja
Jeg bekrefter at jeg har Ja
registrert
oppgavetittelen på
norsk og engelsk i
StudentWeb og vet at
denne vil stå på
vitnemålet mitt *:

Gruppe

Gruppenavn: (Anonymisert)
Gruppenummer: 3
Andre medlemmer i gruppen: 346

Jeg godkjenner autalen om publisering av bacheloroppgaven min *

Ja

Er bacheloroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? *

Nei

Er bacheloroppgaven skrevet ved bedrift/virksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? *

Nei



Høgskulen
på Vestlandet

BACHELOROPPGÅVE

Høgkonfliktsaker i ein
barnevernkontekst

High-conflict cases in the context of
child protective services

Kandidatnummer: 327 og 346

Bachelor i sosialt arbeid

Fakultet for helse- og sosialvitskap

Institutt for velferd og deltaking

14.05.2021

Tal på ord: 7892

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

Abstract

The aim of this thesis is to research how child protection worker's experience high-conflict cases in child protective services. We used the method known as literature study to examine our thesis. To describe the concept of high-conflict we studied two theoretical perspectives, which are conflict theory and systems theory.

The result of the study is that child protection workers' experience a lack of knowledge, emotional discomfort, limited course of action, lack of capacity, and challenges with a child's perspective. The thesis includes research findings which can improve the experiences of child protection workers and alternative perspectives and categorizations for high-conflict cases. We found that high-conflict cases are difficult for child protection workers. The experiences refer to a need for support, training, and new approaches to conflict resolution. In light of the findings, there should be a greater focus on high-conflict as a challenge in child protective services.

Innholdsliste:

1.0 Innleiing	5
1.1 Problemstilling	5
1.2 Omgrepsavklaring	6
2.0 Bakgrunn	6
2.1 Juridiske rammer	6
2.2. Barneverntenesta si rolle i foreldrekonflikt	7
2.3 Barneperspektiv	7
3.0 Teori	7
3.1 Perspektiv på høgkonfliktomgrepet	8
3.1.1 Konfliktforståing	8
3.1.1.1 Høgkonflikt som indre prosessar	8
3.1.2 Systemteoretisk perspektiv	9
3.1.2.1 Høgkonflikt i system	9
3.2 Bakkebyråkratiteori	9
3.3 Etikk	10
4.0 Metode	10
4.1 Litteraturstudie	11
4.2 Kjeldevurdering	11
4.3 Søkeprosess	12
4.3.1 Utvalde forskingsartiklar	12
4.4 Kritisk vurdering	13
5.0 Analyse	14
5.1 Kontaktperson si oppleving	14
5.1.1 Manglande kunnskap	14
5.1.2 Sterke emosjonelle reaksjonar	15
5.1.3 Avgrensa handlingsrom	15
5.1.4 Manglande kapasitet	16
5.1.5 Vanskar med barneperspektiv	16

5.2	Moglegheiter for å betre arbeid	17
5.2.1	Auke kunnskap	17
5.2.2	Emosjonell støtte	17
5.2.3	Erfaringar som aukar handlingsrommet	17
5.2.4	Alternative syn på konflikt	18
6.0	Drøfting	18
6.1	Kunnskapsmangel	19
6.2	Emosjonelt ubehag og etiske omsyn	20
6.3	Eit utfordrande handlingsrom	21
6.4	Arbeidsforhold og manglande kapasitet	23
6.5	Etiske vanskar med barneperspektivet	24
6.6	Ulike perspektiv på høgkonflikt	25
7.0	Avslutning	27
7.1	Implikasjonar for praksis	28
7.2	Avsluttande resonnement	28
	Litteraturliste	30

1.0 Innleiing

I sosialt arbeid har profesjonsutøveren ei hjelperolle som rettar seg mot å førebyggje, løyse og redusere sosiale problem på individ-, gruppe- og samfunnsnivå (Ellingsen et al., 2015). Som sosionom møter ein menneske i forskjellige situasjonar på ulike arenaer. Gjennom bachelorutdanninga har vi interessert oss for målgruppa barn og unge, og vi ønskjer difor å undersøkje tema frå barnevernsfeltet. Frå praksisperiode i forskjellige barnevernteneste på avdeling for undersøking og tiltak, møtte vi på fleire liknande problemstillingar, deriblant foreldre i konflikt. Vi opplevde konfliktane som særleg krevjande, då ein måtte forhalde seg til mykje motstridande informasjon. Likevel fekk vi ikkje ei fullstendig innsikt i korleis det var å arbeide med desse sakene grunna vår studentrolle. Foreldrekonflikt i barnevernet, då særleg høgkonflikt, er eit fenomen vi ønskjer å undersøkje nærare.

Omlag 30 prosent av alle barn opplev samlivsbrot mellom foreldra sine (NOU 2019:20, s. 40). I 2012 fann SSB i si undersøking om bustad og samvær at 17 prosent av samværsfedre og 16 prosent av samværs mødre opplevde konflikt med den andre forelderen i stor grad (Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, 2019). Samstundes rapporterer Barne-, ungdoms-, og familiedirektoratet (2019) at familievernkontora mottek stadig fleire høgkonfliktsaker. I lys av egne erfaringar og litteraturgjennomgang, synast høgkonflikt å vere ei aukande utfordring også i barneverntenesta. På dette tidspunktet arbeidar fire kommunar med å opprette ein modell for barneverntenesta sitt arbeid med høgkonflikt kalla Vestlandsmodellen (Statsforvaltaren, u.å.). I påvente av denne modellen, ønskjer vi å undersøkje korleis høgkonfliktsaker opplevast for kontaktperson i barneverntenesta.

1.1 Problemstilling

Etter erfaringar frå praksis og interesse for tema ønskjer vi å undersøkje opplevingar kontaktperson gjer seg i høgkonfliktsaker. Difor har vi laga problemstillinga:

- *Korleis opplev kontaktpersonar arbeid med høgkonfliktsaker?*

For å undersøkje problemstillinga, ønskjer vi å finne svar på underspørsmålet:

- *Kva moglegheiter kan betre arbeid i høgkonfliktsaker?*

1.2 Omgrepsavklaring

Konflikt oppstår når skilnader mellom menneske som er avhengige av kvarande, opplevast truande for eigne behov og interesser, og når det skapast spenningar fordi ein opplev at den andre nyttar makt for å påverke situasjonen (Ekeland, 2014, s. 86). I oppgåva vil vi undersøkje høgkonflikt, som sjåast på som eit komplekst omgrep (Ekeland, 2014). For å dekkje fleire dimensjonar ved høgkonfliktomgrepet, vil vi presentere to forskjellige perspektiv i teoridelen.

Vi nyttar nemninga oppleving i problemstillinga etter ønskje om å undersøkje korleis det er for kontaktperson å stå i høgkonfliktsaker, med vekt på kjensler, tankeprosessar og motivasjon. Omgrepet kontaktperson blir nytta som nemning for sakshandsamar i barneverntenesta, herunder kurator og barnevernsarbeidar. Kontaktperson kan medan anna ha utdanning som sosionom eller barnevernspedagog.

2.0 Bakgrunn

For å belyse bakgrunnen til problemstillinga om kontaktperson si oppleving i høgkonfliktsaker, vil vi gjere greie for juridiske rammer, barneverntenesta si rolle, og barneperspektivet.

2.1 Juridiske rammer

I høgkonfliktsaker er det to lover som gjer seg gjeldande. Den første er lov om barn og foreldre (Barnelova, 1981), som regulerer barnet sin rettslege relasjon til foreldra, samt deira plikter ovanfor kvarandre og barnet. I barnelova (1981) inngår reglar knytt til foreldreansvar, bustad og samvær. Den andre er lov om barnevernteneste (Barnevernlova, 1992), som regulerer barnevernet si verksemd. Barnevernlova (1992, §1-1) har som formål at barn og unge som lev under skadelege forhold, skal få hjelp, omsorg og vern til rett tid. Etter barnevernlova (1992) §1-7 har barneverntenesta ei plikt til å mogleggjere samarbeid med barn og foreldre. Etter denne plikta, vil kontaktperson måtte samarbeide med foreldra, for å kunne hjelpe og betre barnet sin situasjon.

2.2. Barneverntenesta si rolle i foreldrekonflikt

For å tydeleggjere forholdet mellom dei to lovene, har barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet (2013), heretter BLD, publisert ein rettleiar om barneverntenesta si rolle i foreldrekonflikt. Ifølgje rettleiaren omfattar barneverntenesta sitt ansvarsområde også tilfelle der foreldre ikkje bur saman, og har ei konflikt som påverkar omsorga for barnet (BLD, 2013, s. 5). Departementet (2013, s. 8) fastslår at konfliktar om fast bustad, foreldreansvar og samvær skal løysast etter barnelova, som vektlegg avtalefridom mellom foreldra.

Barneverntenesta har dermed ikkje myndigheit til å handle i slike konfliktar, sjølv om ein meiner det er til barnets beste (BLD, 2013, s. 6). Likevel, kan barneverntenesta utføre oppgåver i foreldrekonfliktsaker, som iverksetjing av hjelpetiltak, kontakte familievernkontor, informere om rettsprosess, og vitne i saker etter barnelova (BLD, 2013, s. 23). I tillegg konstaterer departementet (2013, s. 31) at ei alvorleg og langvarig foreldrekonflikt kan utgjere alvorleg omsorgssvikt, som kan gi grunnlag for å fremje sak om omsorgsovertaking.

2.3 Barneperspektiv

I barneperspektivet arbeider kontaktperson for barnet beste (Bunkholdt & Kvaran, 2015, s. 50). Barn er ekspert på eige liv, og difor er det viktig å samtale med barn for å kunne setja seg inn i barneperspektivet (Bunkholdt & Kvaran, 2015, s. 49-50). Etter barnevernlova (1992, §6-3) har barn rett til å få tilpassa informasjon og å uttale seg etter alder og modnad. I samanheng med konflikt, hevdar Kvello (2015, s. 368) at konflikten kan overskygge barnet sitt perspektiv, slik at foreldre som i utgangspunktet hadde god omsorgsevne, kan få denne redusert. Ifølgje Kvello (2015, s. 369) vil langvarige foreldrekonflikt medføre auka risiko for at barnet utviklar emosjonelle og sosiale vanskar.

3.0 Teori

I teoridelen ønskjer vi å belyse høgkonfliktomgrepet utifrå to teoretiske perspektiv. For å kunne drøfte kontaktperson si oppleving, vil vi vidare i teoridelen gjere reie for bakkebyråkratiteori og etikk.

3.1 Perspektiv på høgkonfliktomgrepet

Ekeland (2014, s. 194) hevdar at dei fleste helse- og sosialarbeidarar vil møte konfliktsituasjonar i arbeidet sitt. For å dekkje kompleksiteten i høgkonfliktomgrepet, vil vi nytte to teoretiske perspektiv. Det første perspektivet tek utgangspunkt i menneske som subjekt som handlar utifrå deira meningsoppleving. Det andre perspektivet set fokus på samhandlande system omkring mennesket som tek del i og blir påverka av konflikten.

3.1.1 Konfliktforståing

Ekeland (2014, s. 67) argumenterar for at konflikter i seg sjølv verken er negative eller positive, men at det er kva vi gjer med dei, som er avgjerande. Konflikter mellom to personar er særleg utfordrande, fordi dei er ansikt-til-ansikt konstellasjonar, der kjenslene blir sterkare (Ekeland, 2014, s. 90). God konfliktforståing inneber å forstå at vanskelege situasjonar skapar vanskelege personar (Ekeland, 2014, s. 214). Med dette rettar Ekeland (2014, s. 214) fokuset mot konflikt som ei prosess, og at menneske sin måte å føle, tenke og handle på kan føre prosessen i konstruktive eller destruktive retningar. Vår attribusjon og situasjonsforståing gir ulik meningsoppleving, og ulike meningsopplevingar får følgjer for kjensler og åtferd (Ekeland, 2014, s. 157). Ekeland (2014, s. 190) poengterer at partane i ei konflikt kan handle rasjonelt utifrå deira situasjonsforståing, sjølv om resultatet av handlingane ikkje verkar rasjonelle for kontaktperson.

3.1.1.1 Høgkonflikt som indre prosessar

Ekeland (2014) sin konfliktforståing samsvarer med kjenneteikn ved høgkonflikt i rapporten frå Folkehelseinstituttet (Helland & Borren, 2015). Rapporten om foreldrekonflikter skildrar høgkonfliktomgrepet utifrå indre, psykologiske prosessar. Ifølgje Helland og Borren (2015, s. 6) pregast høgkonflikt av det personorienterte, fiendtlige og fastlåste. Ofte kan temaet i konflikten fortregast i intense emosjonsuttrykk, hyppige fokusskift, skyldingar og mistru til ekspartner (Helland & Borren, 2015, s. 38). Høgkonflikt inneber destruktiv konfliktåtferd, og kommunikasjonen pregast av tausheit, avvising, fråvær av anerkjenning, angrep og forsvar (Helland & Borren, 2015, s. 38).

3.1.2 Systemteoretisk perspektiv

Systemteori er ein måte å forklare system og korleis komplekse fenomen heng saman (Hutchinson & Oltedal, 2017, s. 29). I sosialt arbeid undersøker ein sentrale system ein oppheld seg i, som familie, bustad, nettverk og arbeid (Hutchinson & Oltedal, 2017, s. 137). Ei retning innanfor systemteori er Bronfenbrenner sin utviklingsøkologiske modell. Modellen delast inn i fire system, som alle påverkar kvarande (Hutchinson & Oltedal, 2017, s. 148). Mikrosystemet omhandlar individet og kjernefamilien. I mesosystemet overlappar mikrosystema og systemet består av dei viktige samspela. Eksosystemet er arenaer som individet sjeldan møter sjølv, men som likevel påverkar individet. Makrosystemet svarar til overordna samfunnsnivå, som verdier, kultur og lovgjeving (Hutchinson & Oltedal, 2017, s. 148-149).

3.1.2.1 Høgkonflikt i system

I lys av systemteori og Bronfenbrenner sin modell, vis Polak og Saini (2019) i si utgreiing om høgkonfliktomgrepet, at konflikten ikkje berre dreier seg om to foreldre med konflikt i foreldresystemet. Funn vis at ei konflikt ofte vidareførast og utviklast ved at utvida familie, nettverk og fagpersonar tek side med foreldra, noko dei kallar "tribal warfare" (Polak & Saini, 2019). Polak og Saini (2019) hevdar at barneverntenesta si involvering kan vere ein risikofaktor for at konflikten utviklast til høgkonflikt. Som fagperson bør ein gjere seg kjend med dei samhandlande systema som rammar inn og forverrar konflikten, og vurdere intervensjonar fokusert på ulike system (Polak & Saini, 2019).

3.2 Bakkebyråkratiteori

Offentlege tenestearbeidarar som arbeidar i direkte samhandling med innbyggjarar, og som blir tildelt eit betydeleg rom for skjønn, kallast bakkebyråkratar (Lipsky, 2010, s. 4). Ifølgje Lipsky (2010, s. 4) er sosialarbeidarar som gir tilgang til offentlege tiltak og tenester, typiske bakkebyråkratar. Bakkebyråkratar representerer frontlinjene for staten sin politikk, ved at dei rådar over sanksjonar som strukturerer menneske sine liv (Lipsky, 2010, s. 5). Vidare blir bakkebyråkratar konsekvent kritisert for manglande evne til å yte tenester som svarer på tenestemottakarane sine behov (Lipsky, 2010, s. 27). Lipsky (2010, s. 27) hevdar at bakkebyråkratar sitt store skjønn

og bestemte arbeidssituasjon fører til rigide handlingsrom for arbeidaren. Grunna kompleksiteten i arbeidsområdet og press for raske slutningar, pregast arbeidet av usikkerheit (Lipsky, 2010, s. 29).

Vidare peikar Lipsky på nokre kjenneteikn ved arbeidsforholda til bakkebyråkratane. To typiske kjenneteikn er kronisk ressursmangel, samstundes som etterspørselen etter tenester er større enn tilbodet (Lipsky, 2010, s. 27). Bakkebyråkratar har karakteristisk store saksbelastningar med avgrensa tid og informasjon tilgjengeleg (Lipsky, 2010, s. 29). Vidare framhev Lipsky (2010, s. 27-28) at arbeidsplassen har idealistiske og vage mål, samt arbeidsprestasjonar er vanskeleg å måle. Slike kjenneteikn ved arbeidsforholda fører til at bakkebyråkratar blir fanga i ein syklus av middelmåtige prestasjonar (Lipsky, 2010, s. 29).

3.3 Etikk

Sosialt arbeid baserar seg på humanistiske og demokratiske verdiar (Fellesorganisasjonen, 2020). I vårt yrke utøver vi makt i hjelparolla, som for tenestemottakarar kan opplevast krenkande (Fellesorganisasjonen, 2020). I denne samanhengen, er det etiske perspektivet sentralt. Etikk vis til skikk, bruk og sedvanar, og trer fram når noko står på spel for andre (Eide & Skorstad, 2013, s. 46). I barnevernet oppstår etiske dilemma ved tvil og usikkerheit rundt barnets omsorgssituasjon (Nordby et al., 2013, s. 44). Vi har valt konsekvensetikk og haldningsetikk som retningar i oppgåva. I konsekvensetikk er handlinga si konsekvensens i fokus (Nordby, et al., 2013, s. 47). Dersom konsekvensen er god, blir det definert som etisk godt. Omvendt blir negative konsekvensar dårleg etikk. Vidare vil haldningsetikken grunnge god etikk i haldninga bak handlinga. Haldningsetikk handlar om indre godheit og motivasjon til å bry seg om andre (Nordby, et al., 2013, s. 111).

4.0 Metode

Å vere metodisk vil seie at ein følg standardar og normer for den valde metoden (Dalland, 2017, s. 51). Ifølgje Dalland (2017, s. 54) skal metoden nyttast som veg til målet. I vår methodedel vil vi presentere vår grunngeving for metodeval,

kjeldevurdering, søkeprosess, forskingsartiklar vi har inkludert, og deretter moglege svakheiter ved vårt utvalde forskingsmateriale.

4.1 Litteraturstudie

I metodeval vekta vi kva som var praktisk gjennomførleg, kva vi beherskar frå før, og tidsaspektet for bacheloroppgåva. Med bakgrunn i vektlegginga, har vi valt litteraturstudie som metode. I ei litteraturstudie vil ein studere og tolke eksisterande litteratur om eit tema for å svare på eit forskingsspørsmål (Aveyard, 2018, s. 5). Vi valde metoden med bakgrunn i nysgjerrigheit om kva informasjon som er tilgjengeleg om kontaktperson sitt møte med høgkonfliktsaker. Gjennom litteraturstudie vil vi kunne undersøke fleire sider ved temaet, og samanlikne forskning basert på land og publiseringstidspunkt. Aveyard (2018, s. 22) presenterer litteraturstudie som eit viktig verktøy for sosialarbeidarar, som gjer oss i stand til å danne ei oversikt over tilgjengeleg informasjon om temaet. Vidare vil vi hevde at vi kan dra nytte av kunnskap om temaet til vår framtidige yrkeskarriere som sosionomar.

4.2 Kjeldevurdering

Før vi starta litteratursøket, definerte vi temaet til å omhandle konflikt i barnevernet. Vi var opne for forskjellige vinklingar til temaet, og valde difor å søke utan førehandsbestemt problemstilling. Funna har dermed vore utslagsgivande for oppgåva si retning i tråd med Dalland (2017, s. 56) sine normer for metodebruk. I forbinding med temaet, tek vår førforståing grunnlag i erfaringar frå praksisperiode i barneverntenesta. Vi erfarte konfliktsakene som komplekse og med mykje motstridande informasjon ein skulle ta stilling til. Likevel fekk vi ikkje eit fullstendig innsyn i korleis det var å stå i sakene, sidan vi hadde ei studentrolle. Difor ønskjer vi å undersøkje kontaktperson si oppleving nærare.

Våre eksklusjonskriterium var at artiklane er fagfellevurdert, publisert i relevant tidsskrift, og at dei omhandlar temaet i ein barnevernkontekst. Vi har vektlagt artiklar om barnevernet i Noreg. I utveljinga av forskingartiklar har vi følgd Søk og skriv (2021) sin rettleiing for kjeldevurdering, med særleg fokus på truverd og relevans. Samstundes har vi gjort eit strategisk utval av data, som vil seie å velje data som svarar på problemstillinga (Dalland, 2017, s. 57). Våre utvalde artiklar er presentert i

neste metodedel. For å søkje etter resultat som er mogleg å etterprøve i tråd med Dalland (2017, s. 58), vil vi gi konkrete beskrivingar av søkeprosess, moglege svakheiter ved informasjonsgrunnlaget, og ei nøyaktig analyse av artiklane.

4.3 Søkeprosess

For å undersøkje teamet, søkte vi i Google Scholar med søkeorda “konflikt foreldre barnevern”. Søket gav 5400 resultat. Vi las gjennom forskingsartiklar frå dei første treffsidene basert på relevans, og fann artiklar frå Rød (2010) og Jevne og Ulvik (2012) særleg interessante. Desse artiklane gjorde oss kjend med omgrepet høgkonflikt. I neste omgang søkte vi i Google Scholar med søkeorda “foreldrekonflikt høgkonflikt barnevern barneverntjenesten”. Med søket fann vi doktorgradsavhandlingar frå Jevne (2017) og Rød (2012), som baserte seg på dei førre forskingsartiklane.

Vidare ønskja vi å utforske engelsk-språkleg litteratur. Vi søkte i Web of Science med søkeorda “child protection services or child protection worker or children’s services” AND “high-conflict or parental conflict”. Med søket fann vi artiklar frå Sudland (2020) og Saini et.al. (2012). Sistnemnde vart inkludert for å samanlikne forskning frå Canada med Noreg. Gjennom Sudland (2020) fann vi forskingsartikkel av Polak og Saini (2019) som utforska høgkonfliktomgrepet.

Fontene er Noreg sin einaste spesialtidsskrift for sosialt arbeid, barnevern og vernepleie (fellesorganisasjonen, u.å.). Vi søkte i Fontene med søkeorda “høgkonflikt barnevern”, og fann fagartikkel frå Gard og Wæhler (2019). Fagartikkelen omhandlar to kontaktpersonar sine erfaringar med spesialisert teamarbeid i høgkonfliktsaker. Fagartikkelen inkluderast som supplerande litteratur, grunngjeve i at andre forskingsartiklar vis til teamarbeid som mogleg framgangsmåte i høgkonfliktsaker.

4.3.1 Utvalde forskingsartiklar

Sudland (2020) har gjennomført ein kvalitativ studie med intervju av 31 sosialarbeidarar i ulike barnevernteneste i Noreg. Studien ønskjer å fremje erfaringar og dilemma i møte med familiar i høgkonflikt. Vidare har vi inkludert ein kvalitativ studie frå barneverntenesta i Canada (Saini et al., 2012). I studien vart 28 barnevernsarbeidarar intervjuet, med formål om å undersøke deira erfaringar i arbeid

med høgkonfliktfamiliar. Studien fokuserer også på utfordringar og moglegheiter for å hjelpe barn i foreldrekonflikt (Saini et al., 2012).

Jevne og Ulvik (2012) gjennomførte ein kvalitativ studie med intervju av 26 kommunale barnevernsarbeidarar. Formålet var å undersøke barnevernet sitt møte med konfliktsaker, med bakgrunn i grensearbeidet mellom to lover. Vidare, publiserte Jevne ei doktorgradsavhandling i 2017 om barnevernssaker med foreldrekonfliktar. Doktoravhandlinga byggjer på intervju av 26 barnevernstilsette og 15 foreldre, publisert i tre føregåande artiklar. Den eine artikkelen er inkludert i oppgåva (Jevne & Ulvik, 2012).

Rød publiserte i 2010 ein kvalitativ studie om konfliktfylt barnefordeling i barnevernet, med intervju av 18 barn og 12 foreldre. Artikkelen fremjar barn sine erfaringar etter rettsvesenet har avgjort barnefordeling. Vidare skreiv Rød (2012) ei doktorgradsavhandling om barn i klem mellom foreldrekonflikt og samfunnsmessig vern. Avhandlinga baserer seg på to datainnsamlingar publisert i tre føregåande artiklar, der den eine artikkelen er inkludert (Rød, 2010).

Til slutt, har vi inkludert ein systematisk gjennomgang av 65 empiriske studiar om høgkonflikt. Polak og Saini (2019) nyttar Bronfenbrenner sin modell saman med det empiriske materialet for å definere høgkonflikt. Formålet er å fange kompleksiteten og samspelet mellom risikofaktorar og indikatorar til høgkonflikt som oppstår i ulike system omkring familien. Studien er inkludert i teoridelen og analysedelen av oppgåva.

4.4 Kritisk vurdering

I denne delen vil vi presentere moglege svakheiter ved vårt valde empiriske materiale. For det første, poengterast det i alle artiklane at det finnast lite forskning om temaet. Med bakgrunn i avgrensa forskingsgrunnlag, har vi inkludert mesteparten av informasjon om temaet som var tilgjengeleg gjennom litteratursøk. Difor har vi inkludert forskning med varierende publiseringstidspunkt og supplerande materiale i form av doktorgradsavhandlingar og fagartikkel. Det kan sjåast på som ei svakheit at nokre av artiklane byggjer på kvarandre, og at vi ikkje har hatt moglegheit til å velje vekk nokre artiklar til fordel for andre med meir relevans. Likevel, har vi eit inntrykk

av at vi har innhenta nok informasjon til å kunne belyse sentrale aspekt ved temaet vi undersøker. For det andre, vil vi poengtere at våre utvalde studiar har få intervjuobjekt. Dette kan gjere det vanskeleg å generalisere funna til å gjelde heile Noreg. Samstundes tek vi utgangspunkt i at funna er moglege å generalisere til ei viss grad, då dei vis til mykje av dei same opplevingane på tvers av publiseringstidspunkt, barnevernteneste og land. Opplevingane blir utdjupa i analysedelen.

5.0 Analyse

Vår analyse tek utgangspunkt i fem forskingsartiklar, to doktorgradsavhandlingar og fagartikkel som presentert i metoddelen. I første del, vil vi analysere funn som gir materiale til problemstillinga om kontaktperson si oppleving i høgkonfliktsaker. I andre del, vil vi gjennomgå funn om moglegheiter for betra arbeid med høgkonfliktsaker.

5.1 Kontaktperson si oppleving

Vi vil først analysere funn om kontaktperson si oppleving i møte med høgkonfliktsaker. Den utvalde forskinga fann opplevingar av manglande kunnskap, sterke emosjonelle reaksjonar, avgrensa handlingsrom, manglande kapasitet og vanskar med barneperspektiv.

5.1.1 Manglande kunnskap

Eit gjennomgåande funn frå forskingsartiklane er at kontaktpersonar opplev å ha manglande kunnskap om korleis ein skal handtere høgkonfliktsaker (Sudland, 2020; Jevne & Ulvik, 2012; Rød, 2012; Saini et al., 2012). Manglande kunnskap kan også relaterast til vanskar med å definere kva høgkonfliktsaker er, og kva hjelp barnevernet kan gi (Sudland, 2020; Jevne & Ulvik, 2012; Saini et al., 2012). Opplevinga kan knytast opp mot funn frå Rød (2012) sin undersøking om barnevernet sine vurderingar i konfliktsaker. Han fann at slutningar varierte mellom barnevernteneste, og at det var uføreseieleg om barnevernet undersøker eller henleggje meldingar om konfliktrar. Vidare peikar Sudland (2020) på at kontaktpersonar opplev manglande kunnskap om risikoen for barnet, og korleis konflikt påverkar foreldrefunksjonen. Dette til tross for at Rød (2010), i sin

undersøking om barn sine opplevingar, fann at barna sine skildringar pregast av udekkja omsorgsbehov. Forskinga framhev eit behov for meir kunnskap om høgkonflikt i barnevernet (Rød, 2012; Sudland, 2020; Saini et al., 2012; Jevne & Ulvik, 2012).

5.1.2 Sterke emosjonelle reaksjonar

Saini et al. (2012) og Sudland (2020) finn at kontaktpersonar opplev sterke emosjonelle reaksjonar i møte med høgkonfliktsaker. Ifølgje Saini et al. (2012) er dei psykiske konsekvensane frå høgkonfliktsaker meir alvorlege enn i andre typar barnevernssaker. Emosjonelle reaksjonar knytast opp mot at kontaktperson ofte opplev å bli fanga i midten av konflikten (Saini et al., 2012; Sudland, 2020). I høgkonfliktsaker er det ikkje uvanleg at foreldre nyttar manipulasjonsstrategiar for å få kontaktperson si støtte (Saini et al., 2012). Dette understøttast av Jevne og Ulvik (2012) sine funn, som vis at foreldre kjem med motstridande historier og skyld kvarandre for alvorlege forhold. Kontaktpersonar opplev det som særleg vanskeleg å finne sanninga, og om skyldingane gjeld ei reell uro eller om dei er eit ledd i kampen om barnet (Jevne & Ulvik, 2012). Vanskar med å finne sanninga samsvarer med funn frå Saini et al. (2012) og Sudland (2020). Vidare vil kontaktpersonar i nokre tilfelle ta fysisk og psykisk avstand frå foreldra i høgkonfliktsaker, for å skjerme seg frå konflikten og vonde kjensler (Sudland, 2020). Negative psykiske konsekvensar kan også relaterast til andre forhold ved opplevinga til kontaktperson, som blir presentert i analysedelen.

5.1.3 Avgrensa handlingsrom

Grunna at konfliktsaker ofte skjer i skjeringspunktet mellom barnevernlova og barnelova, opplev kontaktpersonane eit avgrensa handlingsrom (Saini et al., 2012; Jevne & Ulvik, 2012). Jevne og Ulvik (2012) peikar på at kontaktpersonar opplev maktesløyse i situasjonar dei meiner det er til barnets beste å stoppe samvær eller endre bustad, utan å kunne gripe inn. Kontaktpersonane opplev det som utfordrande å finne løysing for barnet innanfor det handlingsrommet som barnevernet har til rådighet (Jevne & Ulvik, 2012). Sudland (2020), Rød (2012), Jevne og Ulvik (2012) vis vidare til at kontaktpersonar opplev at barneverntenesta sine tiltak ikkje fungerer i høgkonfliktsaker. Samstundes finn Rød (2010; 2012), Sudland (2020) og Saini et al.

(2012) at familiane ofte har vore gjennom rettssystem, familievern og mekling, utan at situasjonen er betra.

5.1.4 Manglande kapasitet

Forsking vis at høgkonfliktsaker er særleg krevjande i ein travel arbeidskvardag i barneverntenesta. Sudland (2020), Saini et al. (2012) og Rød (2012) skildrar høgkonfliktsaker som særleg tidskonsumerande. Vidare finn Saini et al. (2012) at arbeidsmengda i éi høgkonfliktsak kan samanliknast med arbeidsmengda i fleire saker utan konflikt. Dette med bakgrunn i store mengder tid, merksemd og ressursar som krevjast (Saini et al., 2012). Kontaktperson vil då oppleve å sitte igjen med få ressursar til andre barnevernssaker (Saini et al., 2012).

Det same peikar nyare forsking på. Sudland (2020) hevdar at arbeidskonteksten, saman med kjenneteikn ved slike saker, som stor arbeidsmengde, emosjonelt press og manglande kunnskap, fører til at kontaktperson har ei avgrensa kapasitet til å handtere høgkonfliktsaker. Samstundes hevdar Rød (2012) at arbeidskonteksten i barneverntenesta fører til at ein utviklar eigne strategiar. Desse strategiane vil gjere arbeidsmengda overkommeleg for kontaktpersonen, men vil ikkje gi optimale utfall (Rød, 2012). Opplevinga av å komme til kort i høgkonfliktsaker vil kunne føre til at ein henleggjer saka (Rød, 2012). Rød (2012) si skildring av å komme til kort, kan samanliknast med Sudland (2020) sitt funn om at kontaktpersonar opplev å møte høgkonfliktsaker med pessimisme, lav motivasjon og frustrasjon.

5.1.5 Vanskar med barneperspektiv

To forskingsartiklar skildrar barneperspektivet som særleg utfordrande for kontaktperson i høgkonfliktsaker (Sudland, 2020; Jevne & Ulvik, 2012). Dette samsvarer med Rød (2012) som fann at dei fleste barna i konfliktsakene opplevde i liten grad å bli sett og hørt. Kontaktpersonar frå Jevne og Ulvik (2012) si undersøking beskriv ei usikkerheit rundt prioritering av merksemd. Ved fokus på barnet, opplev kontaktpersonar at barnet lyg eller blir manipulert av foreldra (Jevne & Ulvik, 2012). Samstundes opplev kontaktpersonar at foreldra kan ha nytte av samtalar (Jevne & Ulvik, 2012). Jevne og Ulvik (2012) still spørsmål ved om arbeidsoppgåvene i høgkonfliktsakene samsvarer med eit foreldrevern, i staden for eit barnevern.

5.2 Moglegheiter for å betre arbeid

Vårt underspørsmål omhandlar moglegheiter som kan betra arbeid i høgkonfliktsaker. Vår utvalde empiri vis til aukiing av kunnskap, emosjonell støtte, erfaringar som aukar handlingsrommet, samt alternative innfallsvinklar til høgkonflikt. Desse moglegheitene tenkjer vi kan vere nyttig for kontaktpersonar å ha kjennskap til i møte med høgkonfliktsaker.

5.2.1 Auke kunnskap

Fleire forskingsartiklar finn eit behov for auka kunnskap, og vis til kurs og opplæring som ei mogleg løysing (Rød, 2012; Sudland, 2020; Saini et al., 2012; Jevne & Ulvik 2012). Saini et al. (2012) peikar på moglegheita i å danne spesialiserte team med eigne høgkonfliktsaker, som og kan assistere og auke kunnskap hos kontaktpersonane. Teamet i fagartikkel frå Gard og Wæhler (2019) har vidareutdanning i konfliktforståing og konflikthandtering. Dei trekk fram at ved å arbeide i team, kan ein utfylla kvarandre sin kunnskap og ferdigheiter.

5.2.2 Emosjonell støtte

Sudland (2020) peikar på at det er naudsynt å gi kontaktpersonar emosjonell støtte i høgkonfliktsaker, og hjelpe dei med å reflektere over negative kjensler og omdanne dei til ressursar. Slik kan ein unngå uetisk arbeid, og at kontaktperson blir emosjonelt utsliten (Sudland, 2020). Dette samsvarer med Gard og Wæhler (2019), som trekk fram emosjonell støtte og å vere ei buffer mot overbelastning som ei styrke i spesialiserte team. Sudland (2020) fann at kvaliteten i relasjonen til foreldra gav positivt utfall. For å kome i ein slik posisjon, treng kontaktperson hjelp til å handtere kjensler (Sudland, 2020).

5.2.3 Erfaringar som aukar handlingsrommet

Jevne (2017) og Rød (2012) peikar begge på moglegheiter barneverntenesta kan hjelpe familiar på. Kontaktpersonar kan gje rettleiing til foreldre, vitne i rettssak, og gje anbefalingar om bustad og samvær (Jevne, 2017; Rød, 2012). Kontaktperson kan og nytte supplerande prosessar etter barnelovas avtalefridom, og hjelpe foreldra til å inngå avtale om bustad, samværsomfang og eventuelt tilsyn (Jevne 2017). Det er også mogleg å tilby frivillige hjelpetiltak.

Vidare vis funn at det nokre gonger blir tillagt ei meining i konflikten (Sudland, 2020; Jevne & Ulvik 2012). Dersom kontaktpersonane leitar etter sanninga i forteljingane til barna og foreldre, kan den omfattande informasjonen føre til eit avgrensa handlingsrom. Dersom ein i staden for tolkar forteljingane som uttrykk for deira situasjonsforståing, vil kontaktperson oppleve eit større handlingsrom grunna eit enklare bilete av situasjonen (Jevne & Ulvik, 2012). Jevne (2017) peikar på at forteljingane til foreldre også kan vere ei reell uro for barnet, som kan kome av dårleg foreldresamarbeid og kommunikasjon. I slike situasjonar er det viktig å hjelpe forelderen med tillit til at den andre forelderen gir god nok omsorg (Jevne, 2017).

5.2.4 Alternative syn på konflikt

Jevne og Ulvik (2012), Jevne (2017), Polak og Saini (2019) trekk fram andre innsynsvinklar til foreldrekonflikt. Jevne og Ulvik (2012) vis at måten ein forstår og kategoriserer informasjon i barnevernet, kan endre framgangsmåtar og opne handlingsrommet. Foreldrekonflikt blir vanlegvis ikkje sett på som barnevernssak. Dersom ein derimot koplkar foreldrekonflikt til valdsomgrepet, kan ein sjå det slik at foreldre utøver psykisk vald mot barnet (Jevne & Ulvik, 2012). Vidare vis Jevne (2017) til omgrepet medforeldreskap, som ved ei kontekstualisert forståing har eit styrka fokus på at det fremst handlar om to personar som skal ta seg av felles barn saman. Ein fokuserer på foreldra som ei heilheit, istadenfor to forskjellige einingar. Til slutt, framhev Polak og Saini (2019) ein systemisk innfallsvinkel, der ein identifiserer kva system som er involvert i konflikten. Ved å koordinere tenester mellom instansar, vil ein forhindre at ein bidreg i konflikten (Polak & Saini, 2019). Dette samsvarer med Saini et al. (2012) som framhev samarbeid med instansar for å sikre heilskapleg støtte til familien.

6.0 Drøfting

Problemstillinga omhandlar korleis kontaktpersonar opplev arbeid med høgkonfliktsaker. I samband med problemstillinga, vil vi også undersøkje moglegheiter som kan betre arbeidet. Tema vi vil drøfte er kontaktperson si oppleving av manglande kunnskap, emosjonelt ubehag, avgrensa handlingsrom, manglande kapasitet, vanskar med barneperspektivet, og deretter nokre alternative

innfallsvinklar til høgkonflikt. I drøftinga vil vi samanfatte opplevingar og moglegheiter for å betre arbeid.

6.1 Kunnskapsmangel

Eit gjennomgåande funn frå forskingsartiklane er at kontaktpersonar opplev å mangle nødvendig kunnskap i møte med høgkonfliktsaker (Sudland, 2020; Jevne & Ulvik, 2012; Rød, 2012; Saini et al., 2012). For å drøfte temaet, vil vi først ta for oss erfaringar frå teamarbeid. Deretter vil vi inkludere Ekeland sitt syn på konflikthandtering, og kompleksiteten i høgkonfliktomgrepet. Til slutt inneheld drøftedelen oppsummerande resonnement.

I vår utgreiing om moglegheiter for å betre arbeid i analysedelen, la vi vekt på erfaringar frå teamarbeid av Gard og Wæhler (2019). I teamet har dei tilsette vidareutdanning i konfliktforståing og handtering, og arbeidar etter tydeleg struktur i sakene (Gard & Wæhler, 2019). Utifrå denne artikkelen kan ein trekke fram to sentrale element - å samarbeide med andre, og å ha bakgrunnskompetanse om konflikthandtering. Det å vere eit team i konfliktsaker, samstundes som at teamet har relevant kunnskap, kan tenkast å auke tryggleiken til dei enkelte kontaktpersonane. Vidare vil ein tydeleg struktur i arbeidet også gjere det enklare å forhalde seg til ei kompleks konfliktsak.

Samstundes har vi i oppgåva vår vist at høgkonflikt er eit komplekst omgrep, som kan analyserast frå ulike perspektiv. På den eine sida, vil ein ved å fokusere på indre prosessar, leggje vekt på at konflikten har ulike meningsopplevingar (Helland & Borren, 2015). På den andre sida, vil ein ved å fokusere på system omkring foreldra, finne at konflikt utspel seg i fleire system samtidig (Polak & Saini, 2019).

Kompleksiteten kjem også til uttrykk i Ekeland (2014) si konfliktforståing. Etersom menneske og situasjonar er ulike, finnast det ikkje eitt sett metodar for konfliktløysing som alltid er betre enn andre (Ekeland, 2014, s. 169). Det vil difor kunne vere vanskeleg å peike ut riktig kunnskap som blir anvendeleg i alle konfliktsituasjonar som kontaktperson treff på.

Summert, vis funn at kontaktpersonar i barnevernet opplev ei manglande kunnskap i møte med høgkonfliktsaker. Samstundes er det vanskeleg å finne kunnskap som er anvendeleg for alle konfliktsituasjonar, sidan konfliktar er komplekse og pregast av

skilnader. Denne kompleksiteten kan tenkast å auke kontaktperson si oppleving av at høgkonfliktsaker er vanskelege. Likevel, rapporterast det om gode erfaringar frå teamarbeid i høgkonfliktsaker. Deira erfaringar vis at kombinasjonen mellom auka kunnskap og samarbeid, gjer at kontaktpersonar kjenn seg tryggare i møte med høgkonfliktsaker. Tryggleiken vil også opplevast av familien, noko som kan snu ei negativ utvikling i relasjonen til familien. Utifrå denne drøftinga, vil informasjonstiltak slik som Vestlandsmodellen, kunne vere eit nyttig verktøy for kontaktperson som også kan fremje tryggleik.

6.2 Emosjonelt ubehag og etiske omsyn

Kontaktpersonar opplev sterke emosjonelle reaksjonar frå høgkonfliktsaker (Sudland, 2020; Saini et al., 2012). For å drøfte denne opplevinga, vil vi først samanlikne opplevinga med teori om høgkonflikt, og vidare sette opplevinga opp mot etiske omsyn. Til slutt presenterast ei samanfatning av drøftinga med fokus på kontaktperson si rolle.

Ifølgje Saini et al. (2012) er psykiske konsekvensar meir alvorlege i høgkonfliktsaker enn i andre barnevernssaker. Konsekvensane kan tenkast å ha samband med litteratur presentert i oppgåva. For det første, vis Helland og Borren sine kjenneteikn ved høgkonfliktar, at kommunikasjon med foreldra er utfordrande. Helland og Borren (2015, s. 38) hevdar at høgkonfliktar har intense emosjonsuttrykk, hyppige fokusskift og skyldingar, samt at kommunikasjonen pregast av angrep og forsvar, og manglande anerkjenning av eiga rolle. For det andre, peikar Ekeland (2014, s. 214) på at høgkonfliktar kan få fram det verste i oss. Eit viktig poeng her, er at partane kan handle rasjonelt ut frå si situasjonsforståing, sjølv om resultatet av handlingane ikkje står fram slik (Ekeland, 2014, s. 190). Slike karaktertrekk ved høgkonflikt gir bakgrunn for korleis arbeid med sakene kan føre til emosjonelle reaksjonar hos kontaktperson.

Vi vil vidare gjere greie for etiske omsyn i samband med opplevinga. Sudland (2020) fann at kontaktpersonar i nokre tilfelle tek fysisk og psykisk avstand frå foreldra for å skjerme seg frå vonde kjensler. I lys av karaktertrekk ved høgkonflikt, kan dette vere ein forståeleg reaksjon. Likevel, vil ein kunne nærme seg uetisk arbeid ved å distansere seg frå ein hjelpetrengande familie. I lys av konsekvensetikk,

vil avstand kunne ha gode konsekvensar for kontaktperson ved å hindre oppleving av emosjonelt ubehag. På den andre sida, vil avstand kunne skape negative konsekvensar for familien. Konsekvensar kan vere at ein ikkje kjem i posisjon til å hjelpe, og at situasjonen fortset som før. Ekeland (2014), Polak og Saini (2019) peikar på at situasjonen også kan forverre seg. Ifølgje Polak og Saini (2019) er innblanding frå barneverntenesta ein risikofaktor for vidareutvikling av konflikten. Samstundes hevdar Ekeland (2014, s. 170) at dårleg konflikthandtering kan øydelegge mellommenneskelege relasjonar og skape destruktive miljø.

Som belyst, opplev kontaktperson sterke emosjonelle reaksjonar frå høgkonfliktsaker. Opplevinga kan forklarast ved å analysere karakteristiske trekk ved konflikt. Høgkonfliktar vanskeleggjer ein open kommunikasjon med foreldra, og kan etterlate kontaktperson med kjensler av ubehag. Opplevinga av emosjonelt ubehag kan i neste omgang resultere i at ein tek avstand. På den eine sida, er distansering ein forståeleg reaksjon, og kan ha gode konsekvensar for kontaktperson. På den andre sida, vil distansering kunne føre til uetisk arbeid. Som tilsett i barnevernet, har kontaktperson ei rolle som inneber ei plikt til å hjelpe vanskelegstilte familiar. Med avstand vil dette ikkje vere mogleg, og det kan også forverre situasjonen til familien. Slik Ekeland (2014) vis til, kan konflikt skape vanskelege personar, som likevel handlar rasjonelt utifrå si situasjonsforståing. Difor vil emosjonell støtte, som vi har belyst som ei moglegheit for betra arbeid, vere viktig. Det kan tenkjast at ein stor del av suksessen som Gard og Wæhler (2019) vektlegg frå teamarbeidet, kjem av at ein fungerer som ein buffer mot emosjonelt ubehag for kvarandre.

6.3 Eit utfordrande handlingsrom

Kontaktpersonar opplev eit avgrensa handlingsrom i høgkonfliktsaker (Saini et al., 2012; Jevne & Ulvik 2012). Når vi drøftar handlingsrommet, vil vi først greie ut om ulike sider ved barneverntenesta si rolle i høgkonflikt. Vidare går vi gjennom rammeverket i høgkonfliktsaker, før vi drøftar moglegheiter som kan auke handlingsrommet.

På den eine sida, vis rettleiaren (BLD, 2013) at foreldrekonfliktar, som går ut over barnet sin omsorg, inngår i barneverntenesta sitt ansvarsområde. Nokre høgkonfliktar fører til at foreldre mistar fokuset på barnet (Kvelling, 2015), og at

konflikten utgjør omsorgssvikt (BLD, 2013). Dette er i tråd med formålet til barnevernlova (1992, §1-1) om å verne barn som lev under skadelege forhold. Slik sett, er det tydeleg barnevernet sitt ansvarsområde å hjelpe barn som lev med foreldre i høgkonflikt. På den andre sida, vis funn frå Saini et al. (2012) og Sudland (2020) at kontaktpersonar opplev vanskar med si rolle i høgkonfliktsaker. Frå Canada rapporterer kontaktpersonar ei mangel på rolleklarheit i forhold til kven som har ansvarsområdet i utgangspunktet (Saini et al., 2012). Samtidig vis forskning frå nyare tid at kontaktpersonar i Noreg opplev eit diffus organisatorisk forhold mellom barnevernet og familievernkontoret (Sudland, 2020). Dette til tross for rettleiaren (BLD, 2013), som kom ut sju år tidligare, er tydeleg på at høgkonfliktsaker er barneverntenesta sitt område.

Samstundes ligg foreldrekonflikt ofte i skjæringspunktet mellom barnelova og barnevernlova. Eit relevant punkt å sjå på er dei moglegheitene kontaktpersonen har til å hjelpe familiane innanfor dei juridiske rammene. Jevne (2017) og Rød (2012) trekk fram rettleiing, hjelpetiltak, vitne i rettssak, og nytte supplerande prosessar etter barnelova si avtalefridom som moglegheiter. Likevel opplev kontaktpersonar ei makteslause av å ikkje kunne hjelpe barnet tilstrekkeleg i høgkonfliktsaker (Jevne & Ulvik, 2012). Rød (2012) og Sudland (2020) finn at det er utfordrande for barneverntenesta å finne gode løysingar for familiar i høgkonflikt. Samstundes vis funn at familiane ofte har vore i kontakt med andre instansar, utan betring av situasjonen (Sudland, 2020; Saini et al., 2012; Rød, 2010; 2012). Slik tenkt kan det vere utfordrande for barneverntenesta å hjelpe familiar i høgkonflikt, når andre instansar tidlegare ikkje har klart å betre situasjonen.

Summert, ser vi at ansvarsfordelinga ikkje samsvarar med kontaktpersonen si oppleving, til tross for at foreldre i høgkonflikt høyrer til hos barnevernet etter departementet (2013) si framstilling. Kontaktpersonane opplev det utfordrande å finne gode tiltak og rett hjelp. På den andre sida kan ein undrast over kvifor det ikkje eksisterer betre tiltak hos andre instansar som møter desse familiane før dei havnar hos barnevernet. Samstundes burde det vere eit betre samarbeid mellom dei ulike instansane som møt foreldre i høgkonfliktar, for å sikre betre hjelp til foreldre og barna. Det kan tenkjast at eit betre samarbeid med instansar og fagpersonar, som Saini et al. (2012) vis til, kan lette opplevinga om avgrensa handlingsrom i

høgkonfliktsaker. Sjølv om samarbeid kan vere ei løysing, kan det og verke som at det er behov for å utvikle betre ferdigheiter og tiltak i barnevernet. Det kan tenkjast at det då vil vere lettare for kontaktpersonar å stå i sakene, samt gje betre hjelp til familiane.

6.4 Arbeidsforhold og manglande kapasitet

Forsking finn at kontaktpersonar opplev manglande kapasitet til å handtere høgkonfliktsaker. Sakene skildrast som særleg omfattande, då dei krev store mengder arbeid, tid og merksemd (Sudland, 2020; Saini et al. 2012; Rød, 2012). I drøftinga vil vi setje opplevinga opp mot bakkebyråkratiteori, og vidare drøfte korleis opplevinga kan avgrense moglegheiter for endring etter systemteoretisk perspektiv. Til slutt vil vi presentere ei sirkulær tenking på teamet.

Funn om manglande kapasitet samsvarer med kjenneteikn frå arbeidssituasjonen til bakkebyråkratar. Utifrå Lipsky (2010, s. 27) sin teori, kjenneteiknast arbeidssituasjonen av kronisk ressursmangel, og større etterspørsel enn tilbod. Dette har likskapstrekk med funn frå forsking, som vis at kontaktpersonar opplev store arbeidsmengder og manglande kunnskap i høgkonfliktsaker. I tråd med kjenneteikn frå bakkebyråkratiteorien, har barneverntenesta idealistiske mål. På den eine sida, skal barneverntenesta sikre at vanskelegstilte barn får hjelp og støtte, og førebyggje negativ utvikling. På den andre sida, blir det opp til kontaktperson å vurdere kva som er barnets beste i dei enkelte sakene. I lys av bakkebyråkratiteori, pregast arbeidet av usikkerheit, då ein tildelast stort rom for skjønn, samstundes som ein har eit komplekst arbeidsområde. Det finnast gjerne ikkje ei klar løysing på problemet, då menneske og situasjonar er ulike.

I lys av arbeidsforholda i bakkebyråkratiet, blir kontaktpersonen fanga i ein syklus av middelmåtige prestasjonar (Lipsky, 2010, s. 29). Dette samsvarer med Rød (2012) si utgreiing om at arbeidskonteksten fører til at kontaktperson utviklar eigne strategiar, som ikkje gir optimale utfall. Kontaktperson vil då oppleve at ein kjem til kort i høgkonfliktsakene, noko som kan resultere i at ein møter nye saker med pessimisme og lav motivasjon (Sudland, 2020). Samstundes vil opplevinga av manglande kapasitet og pessimisme stride mot prinsippa om endring jamfør systemteoretisk perspektiv. Etter systemteoretisk perspektiv oppstår fastlåste situasjonar av fastlåste

interaksjonar og haldningar i systemet (Hutchinson & Oltedal, 2017). Som Polak & Saini (2019) poengterer, blir kontaktperson ein del av systema som samhandlar i konflikten. Dersom kontaktperson møter slike saker utan tru på at endring er mogleg, vil heller ikkje endring skje. I lys av Ekeland (2014) si konfliktforståing, vil ein søkje etter moglegheitene i konflikten. Ekeland (2014, s. 202) vis at konflikt også kan gi moglegheiter for vekst, positiv endring og styrka familieforhold.

Som nemnt, opplev kontaktpersonar at høgkonfliktsaker er særleg ressurskrevjande. Fleire av funna om kontaktperson sine opplevingar av arbeidskonteksten, samsvarer med kjenneteikn ved arbeidsforholda i bakkebyråkratiteorien. I denne delen har vi vist til ein sirkulær prosess som kontaktperson gjennomgår i møte med høgkonfliktsaker. I første omgang, fører arbeidskonteksten i barneverntenesta til eit rigid handlingsrom, og at kontaktperson opplev å ikkje strekke til. Opplevinga av manglande kapasitet vil i neste omgang resultere i at ein møter høgkonfliktsakene med ei negativ innstilling. I lys av systemteoretisk perspektiv og Ekeland si konfliktforståing, vil den negative innstillinga ikkje føre til endring. Kontaktperson sine forsøk på å løyse konflikten vil mislykkast, og ein vil kunne risikere ein forverra konflikt. Dette kan sjåast som ein negativ sirkulær prosess.

6.5 Ethiske vanskar med barneperspektivet

Formålet i barnevernlova (1992, §1-1) er å sikre barn og unge hjelp, samstundes som kontaktperson skal samarbeide med foreldra etter §1-7. Sudland (2020) og Rød (2012) finn at kontaktperson opplev det som utfordrande å halde barneperspektivet i høgkonfliktsaker, og fordele tid mellom foreldre og barn. Rød (2010) trekk samstundes fram at barn kjenn seg oversett i høgkonfliktsaker i barnevernet. Ein kan då undrast over om det er uetisk arbeid å prioritere foreldre ovanfor barnet i høgkonfliktsaker, til tross for at utfordringa ligg i foreldrekonflikten.

Ein kan sjå utfordringa med prioritering av merksemd i lys av konsekvensetikken. Dersom kontaktperson har samtalar med foreldra, og dermed dempar høgkonflikten slik at barnet får det betre, kan det sjåast som god konsekvensetikk. Då vil merksemd retta mot foreldre, gi gode konsekvensar for barnet. Derimot vil ein risikere å ikkje få dempa konflikten dersom kontaktpersonen prioriterer samtalar med

barnet. Situasjonen til barnet står dermed uendra. I eit slikt tilfelle, vil konsekvensetikken vere dårleg, til tross for at merksemd rettast mot barnet.

I lys av haldningsetikken er etikken god dersom kontaktpersonen legg gode verdiar og motiv i handlingane (Nordby et al., 2013). Sidan barneverntenesta skal sikre hjelp til barnet, er det ein verdi i barnevernet å prioritere og fokusere på barnet. Dersom kontaktpersonen prioriterer samtalar med foreldre, kan det verke som dårleg haldningsetikk sidan det motstridar verdien om å setje barnet først. Dette til tross for at utfordringa ligg i foreldrekonflikten. Omvendt kan ein tenkje at å ønskje å hjelpe barnet, ha samtalar med barnet og setje barnet sitt beste fremst vis god haldningsetikk.

Vi har no drøfta konsekvensetikk og haldningsetikk for å vise til kompleksiteten i barnevernsarbeidet. Det synast å vere ei utfordring å få både god konsekvensetikk og haldningsetikk. I nokre tilfelle vil kontaktpersonen ha eit sterkt ønske om å hjelpe barnet, og difor prioritere samtalar med foreldra for å løyse konflikten. Ein kan då tenke at dersom konflikten løysast, vil barnet få det betre. Då kan ein på den eine sida tenkje at kontaktpersonen har god haldningsetikk ettersom fokuset til kontaktpersonen er barnets beste. Dersom høgkonflikten blir dempa kan det også tenkjast at konsekvensetikken er god. På den andre sida, kan barnet sitja på sidelinja og kjenne seg oversett av kontaktpersonen. Ein kan då undrast over om haldningsetikken og konsekvensetikken i barnevernsarbeidet er god. Sjølv om konflikten blir dempa, kan barnet sitje med ei kjensle av at barnevernet ikkje tok barnet sitt parti.

6.6 Ulike perspektiv på høgkonflikt

Vi har i oppgåva ønskja å vise at det er ulike måtar å sjå høgkonfliktsaker på. Sidan høgkonfliktsaker kan kjenneteiknast som fastlåste og utfordrande (Helland & Borren, 2015), kan det å nytte ulike syn opne opp for andre handlingsalternativ. I denne drøftedelen vil vi belyse Jevne og Ulvik (2012) sin alternative måte å kategorisere høgkonflikt på i barneverntenesta. Deretter set vi høgkonfliktomgrepet i ein systemteoretisk kontekst, ved å sjå på barneverntenesta si involvering og omgrepet medforeldreskap. Vi ser ulike perspektiv som ei moglegheit for å betre arbeid med høgkonfliktsaker.

Jevne og Ulvik (2012) vis at det er utfordrande å kategorisera høgkonfliktsaker i barnevernet. Tidlegare har vi nemnt at høgkonflikt er krevjande i barneverntenesta, og at det er mangel på tiltak retta mot høgkonflikt (Jevne & Ulvik, 2012; Rød, 2012; Sudland, 2020). Dette kan føre til vanskar med å handtere høgkonfliktsaker. Derimot trekk Jevne og Ulvik (2012) fram ein alternativ måte å definere høgkonfliktsaker på. Ved å kategorisere det som psykisk vald, vil ein oppleve å utvide handlingsrommet (Jevne & Ulvik, 2012). Valdssaker er meir utbreidd i barneverntenesta, med tilhøyrande tiltak og framgangsmåtar (Jevne & Ulvik, 2012). Slik sett, vil saka stå fram som mindre kompleks i ein barnevernkontekst. Likevel kan ein stille seg kritisk til om ein får eit godt resultat, då fokuset ligg på å hindre vald, framfor å redusere konfliktnivået.

I oppgåva har vi nytta ei systemteoretisk innfallsvinkel på høgkonflikt for å få ei betre forståing. I lys av systemteorien heng system saman, og påverkar kvarandre (Hutchinson & Oltedal, 2017). Polak og Saini (2019) trekk fram at konflikten ofte blir vidareført til andre partar gjennom omgrepet "tribal warfare". Det kan vere lurt å identifisera desse partane, då dei kan bidra negativt til konflikten (Polak & Saini, 2019). Ut frå Bronfenbrenner sin modell ser ein at ei konflikt på mikrosystemet, breia seg ut til mesosystem (utvida familie og nettverk) og eksosystem (hjelpeinstansar). Utifrå dette synet, vil barneverntenesta si involvering kunne forverre ei foreldrekonflikt. Dette til tross for at høgkonflikt er ein del av barneverntenesta sitt ansvarsområde (BLD, 2013). I lys av haldningsetikken, vil kontaktpersonen si involvering ta utgangspunkt i ei haldning om å ville hjelpe. På den andre sida, vil involveringa i lys av konsekvensetikken, kunne resultere i dårlege konsekvensar for familie dersom saka ikkje blir handtert riktig.

Jevne (2017) vis vidare til omgrepet medforeldreskap, som tyder at to foreldre er saman om å oppdra barnet til tross for at dei er separert. Utifrå denne forståinga, vil ein fokusere på å koordinere foreldreskapet som ei heilheit, istadenfor å skilje det i to einingar (Jevne, 2017). Ved å nytte Bronfenbrenner sin utviklingsøkologiske modell skal vi sjå nærare på medforeldreskapet ut frå barnet sitt perspektiv. På mikronivået er barnet og kjernefamilien. Ved separasjon vil barnet sitt mikronivå delast i to, ved at barnet får to forskjellige system å forhalde seg til. Barnet har gjerne ikkje valt denne endringa, men må tilpasse seg situasjonen. Høgkonfliktsaker kjenneteiknast

ved lite kommunikasjon, dårleg samarbeid og store motsetningar (Helland & Borren, 2015). I slike situasjonar, vil dei to systema som barnet må tilpasse seg til, danne to forskjellige verkelegheiter. Derimot vil ein i lys av medforeldreskapet, fokusere på å koordinere foreldresystema, slik at dei blir likare kvarandre. Ved å sikre samarbeid, betre kommunikasjon og samhald i oppdraginga, vil barnet få ein betre livssituasjon.

7.0 Avslutning

Vi har i denne oppgåva undersøkt kontaktperson si oppleving i møte med høgkonfliktsaker i barnevernet. I samanheng med opplevingane, har vi og undersøkt moglegheiter som kan betre arbeidet i høgkonfliktsaker. Den første opplevinga frå høgkonfliktsaker, er manglande kunnskap. Vi har belyst opplevinga ved å vise til kompleksiteten i høgkonflikt og mellom-menneskelege situasjonar, som gjer det vanskeleg å finne kunnskap som er anvendelig i alle konflikhtar. Samstundes vil auka kunnskap kunne utstyre kontaktperson med reiskap i møte med konfliktfamiliane, og dermed auke tryggleik. Den andre opplevinga i høgkonfliktsaker, er emosjonelt ubehag. I drøfting av opplevinga har vi greia ut om kjenneteikn ved høgkonflikt, som fører til at sakene blir særleg krevjande. Opplevinga av emosjonelt ubehag kan føre til uetisk arbeid ved at kontaktperson tek avstand frå familien. I moglegheiter som kan betre arbeidet frå opplevinga, har vi inkludert emosjonell støtte og samarbeid i team.

Den tredje opplevinga, er eit avgrensa handlingsrom. I opplevinga ligg ei uklar rollefordeling i grensearbeidet mellom lovene, at andre instansar ikkje kan hjelpe familiane, samt at barnevernet sine tiltak ikkje fungerer. Opplevinga peikar på behov for å utvikle betre tiltak i barnevernet, og samarbeid med instansar for å sikre familien heilskapleg støtte. Den fjerde opplevinga hos kontaktperson, er manglande kapasitet. For å belyse opplevinga, har vi vist til kjenneteikn frå arbeidsforhold til kontaktperson jamfør bakkebyråkratiteori. Slik vil karakterteikn ved arbeidssituasjon og høgkonfliktsaker kunne resultere i manglande kapasitet. I drøftinga har vi vist at opplevinga kan føre til ei negativ innstilling i møte med nye saker, noko som kan hindre endring og løysing.

Den femte opplevinga er vanskar med barneperspektivet. I drøfting av opplevinga har vi nytta eit etisk perspektiv for å belyse utfordringar med prioritering av

merksemd. Sidan utfordringa ligg i foreldrekonflikten, blir barneperspektivet vanskeleg i høgkonfliktsaker. Til slutt, har vi i oppgåva søkt å vise forskjellige perspektiv og definisjonar på høgkonflikt. I dette finn vi ulike måtar å forstå høgkonfliktsaker, som kan auke handlingsalternativ og endre framgangsmåtar. Vi har vist moglegheiter ved å kategorisere barnevernssaka som psykisk vald, nytte omgrepet medforeldreskap, og forstå konflikten i utvida kontekst ved hjelp av systemteori. Ved å endre innsynsvinkel og forståing av høgkonfliktar vil ein kunne endre opplevingar hos kontaktperson som presentert i oppgåva.

7.1 Implikasjonar for praksis

Etter analyse av funn og drøfting ønskjer vi no å presentere implikasjonar for praksis. Høgkonfliktsaker vis å vera utfordrande å stå i for kontaktpersonar. Vi tenkjer difor det er viktig å fokusere på at kontaktpersonane får hjelp, støtte og verktøy dei kan nytta i høgkonfliktsaker. Vi har og sett på alternative måtar å sjå konflikt på, som kan auke handlingsrommet. Desse innfallsvinklane står fram som kontrastar til kontaktpersonar sine negative skildringar og opplevingar frå utvald forskning. Vi tenkjer at eit meir opent og positivt syn på konflikten kan vere nyttig for kontaktpersonar og familiar. Funna vis vidare eit behov for meir forskning og fokus på høgkonfliktsaker i ein barnevernkontekst. Vi har og funne eit behov for betra samarbeid med andre fagpersonar og instansar, då ei oppleving er at barnevernet blir siste utveg for konflikten. Samarbeid er også sentralt i forbinding med barneverntenesta sitt manglande mandat i konflikt om barnefordeling.

7.2 Avsluttande resonnement

Før vi starta oppgåva undra vi oss over temaet konflikt i barneverntenesta. Vi opplevde i praksisperiode at konfliktar mellom foreldre var eit krevjande område å arbeide med i ein barnevernkontekst. I lys av funna, burde det vere eit større fokus på høgkonflikt som ei utfordring i barneverntenesta, samt forskning på feltet. Vi ser det som nyttig at Vestlandsmodellen er under utarbeiding, og vil vere ein modell kontaktpersonar kan nytte i høgkonfliktsaker. Avslutningsvis tenkjer vi at høgkonfliktar er ei utfordring som sosionomar i tillegg vil kunne møte på i andre delar av velferdssystemet. Moglegheitene for å betre arbeid i høgkonfliktsaker som

presentert i oppgåva vil difor kunne vere nyttige å ha med seg til andre arbeidsplassar også.

Litteraturliste

Aveyard, H. (2018). *Doing a literature review in health and social care: a practical guide* (4. utg.). McGraw-Hill Education: Open University Press.

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet (2013). Veileder: *Forholdet mellom barnevernloven og barneloven - Barneverntjenestens rolle der foreldrenes konflikter går ut over barnets omsorgssituasjon*. Regjeringen.
<https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/bld/skjema/bua/rapportering2/0barnevern/veileder.forholdet.mellom.barneloven.og.barnevernloven.pdf>

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (2019, 25. november). *Barn og samlivsbrudd*. Bufdir.
https://www.bufdir.no/Statistikk_og_analyse/oppvekst/Familie_omsorg_og_relasjoner/Barn_og_samlivsbrudd/

Barnelova. (1981). *Lov om barn og foreldre* (LOV-1981-04-08-7). Lovdata.
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1981-04-08-7>

Barnevernloven. (1992). *Lov om barneverntjenester* (LOV-1992-07-17-100). Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-07-17-100?q=bvl>

Bunkholdt, V. & Kvaran, I. (2015). *Kunnskap og kompetanse i barnevernsarbeid*. Gyldendal.

Dalland, O. (2017). *Metode og oppgaveskriving* (6. utg.). Gyldendal akademisk.

Eide, S. B. og Skorstad, B. (2013). *Etikk - til refleksjon og handling i sosialt arbeid* (3. utg.). Gyldendal akademisk.

Ekeland, T. J. (2014). *Konflikt og konfliktforståelse: for helse og sosialarbeidere* (2.utg.). Gyldendal Norsk Forlag.

Ellingsen, I. T., Levin, I., Berg, B. & Kleppe, L.C. (2015). *Sosialt arbeid: en grunnbok*. Universitetsforlaget.

Fellesorganisasjonen (2020, 5. februar). *Yrkesetisk grunnlagsdokument for barnevernspedagogar, sosionomar, vernepleiarar og velferdsvitarar*. FO.

https://www.fo.no/getfile.php/1328113-1587105760/Visuell%20profil/yrkesetiske_GD_2_nynorsk%20web.pdf

- Fellesorganisasjonen (u.å.). *Fagbladet Fontene*. FO. <https://www.fo.no/bli-medlem/fagbladet-fontene/>
- Gard, H. S. & Wæhler, T. (2019, 20. august). *Slik hjelper vi barn i høykonfliktfamilier*. Fontene. <https://fontene.no/fagartikler/slik-hjelper-vi-barn-i-hoykonfliktfamilier-6.47.636568.4e83e5b5d8>
- Helland, M. S., & Borren, I. (2015). *Foreldrekonflikt; identifisering av konfliktnivåer, sentrale kjennetegn og risikofaktorer hos høykonfliktpar* (Rapport 2015:3). Nasjonalt folkehelseinstitutt. <https://www.fhi.no/globalassets/dokumenterfiler/rapporter/2015/rapport-20153-foreldrekonflikt-pdf.pdf>
- Hutchinson, G. S. & Oltedal, S. (2017). *Praksisteorier i sosialt arbeid*. Universitetsforlaget.
- Jevne, K. S. (2017). *Barnevernssaker med foreldrekonflikter: forhandlinger om problemforståelse og handlingsrom når det er bekymringer for barn som har to hjem*. [Doktorgradsavhandling, Det samfunnsvitenskapelige fakultet].
- Jevne, K.S. & Ulvik, O.S. (2012). Grensearbeid: barnevernets møte med konfliktsaker. *Fontene forskning*, 2/2012, 18-33.
- Kvello, Ø. (2015). *Barn i risiko: Skadelige omsorgssituasjoner* (2. utg.). Gyldendal akademisk.
- Lipsky, M. (2010). *Street-level Bureaucracy: dilemmas of the individual in public services*. Russell Sage Foundation.
- Nordby, H., Bennin, C., & Buer, B.A. (2013). *Etikk i barnevern*. Gyldendal Norsk Forlag.
- NOU 2019:20. (2019). *En styrket familietjeneste*. Barne- og familiedepartementet.
- Polak, S., & Saini, M. (2019). The Complexity of Families Involved in High-Conflict Disputes: A Postseparation Ecological Transactional Framework. *Journal of*

Divorce & Remarriage, 60(2), 117–140.

<https://doi.org/10.1080/10502556.2018.1488114>

Rød, P. A. (2010). Konfliktfylt barnefordeling – arena for barnevernet? *Fokus på familien*, 38(2), 92-114. Idunn.

Rød, P. A. (2012). *Barn i klem mellom foreldrekonflikter og samfunnsmessig beskyttelse*. [Doktorgradsavhandling, Universitetet i Bergen].

Saini, M., Black, T., Lwin, K., Marshall, A., Fallon, B., & Goodman, D. (2012). Child protection workers' experiences of working with high-conflict separating families. *Children and Youth Services Review*, 34(7), 1309–1316

<https://doi.org/10.1016/j.childyouth.2012.03.005>

Statsforvaltaren. (u.å.). *Pågåande utviklingsprosjekt i 2021*. Statsforvaltaren.

<https://www.statsforvalteren.no/contentassets/75766f1809244be5a6eb1c0de6129052/pagaande-utviklingsprosjekt-2021-.pdf>

Sudland, C. (2020). Challenges and dilemmas working with high-conflict families in child protection casework. *Child & Family Social Work*, 25(2), 248–255.

<https://doi.org/10.1111/cfs.12680>

Søk og skriv (2021, 22. februar). *Kjeldevurdering*. Søk og skriv.

<https://sokogskriv.no/kjeldebruk/kjeldevurdering.html#er-kjelda-truverdig>